

Akseptabel svartid i AMK Oslo og Akershus

10 sek



Sidan svartida var uforsvarleg lang på medisinsk naudtelefon 113 ved AMK Oslo og Akershus, påla Statens helsetilsyn 4. juli 2013 Oslo universitetssjukehus HF å rette forholda. : Blant anna skulle sentralen sjå til at 90 prosent av oppringingane blei svart på innan ti sekund. Helseføretaket blei også pålagt å rapportere kvar månad til Statens helsetilsyn. I desember 2013 påla vi helseføretaket ei tvangsmulkt på 100 000 kroner kvar månad for å tvinge fram ei forsvarleg drift. I månadene før pålegget blei det svart på om lag 65 prosent av oppringingane innan ti sekund.

Tvangsmulka blei kravd inn frå januar 2014 til mars 2015. Statens helsetilsyn avslutta tilsynssaka 15. oktober 2015. Helseføretaket svarte da på over 90 prosent av samtalan innan ti sekund. God innsats frå verksemda, saman med tilsynsverkemiddel som pålegg og tvangsmulkt, førte til at svartidene blei betra. Statens helsetilsyn minte verksemda om internkontrollplikta, noko som i dette tilfellet særleg inneber at leiinga heile tida må ha oversikt over svartider, og betre og setje i verk tiltak for å halde ved lag kravet om at sentralen skal svare på 90 prosent av oppringingane innan ti sekund.